# NO LIVNAR DET I LUNDAR

1. No livnar det i lundar, No lauvast det i li.
   Den heile skapning stundar No fram til sumars tid
2. Det er vel fagre stunder når våren kjem her nord
   og atter som eit under nytt liv av daude gror.
3. Guds kyrkje lysa skulle som høgt på berg ein stad,
   med sumar utan kulde og utan solarglad.
4. Guds ord vel alltid lyser, den sol gjeng aldri ned.
   Det hus som Anden hyser, ligg støtt i ljos og fred.
5. Men stundom kom det kulde på Herrens kyrkjemark.
   Det var som Gud seg dulde, og borte var Guds ark.
6. Det var dei mørke dagar Guds ord var fåhøyrd segn.
   Og hjarta frys og klagar, det saknar sol og regn.
7. Så sende Gud sin Ande som dogg på turre jord.
   Då vakna liv i lande, då grøddest vent Guds ord.
8. Då er det sæle tider, for Kristi kyrkjegrunn.
   Då lauvast det i lier, då livnar det i lund.
9. Da ljosner det i landet fra fjell og ned til fjord.
   Då losnar tungebandet, då kved Guds folk i kor.
10. Då skin det over strender, som sol ein sumarkveld.
    Då gløder kring i grender, ein eilag altareld.
11. Du vår med ljose dagar, med lengting, liv og song,
    du spår at Gud oss lagar, ein betre vår ein gong.
12. Då me med vigsla tunge, med kjærleik heil og klår,
    alt utan best og sprunge skal lova Herren vår!

# Kom mai, du skjønne milde

1. Kom mai, du skjønne, milde, gjør skogen atter grønn,
   og la ved bekk og kilde fiolen blomstre skjønn.
   Hvor ville jeg dog gjerne at jeg igjen deg så!
   akk, kjære mai, hvor gjerne gadd jeg i marken gå!

2. Om vint'ren kan man have vel mangt et tidsfordriv;
   man kan i sneen trave – å ja, et lystig liv!
   Men når seg lerker svinge mot sky med liflig slag,
   på engen om å springe – det er en annen sak!

3. Kom derfor mai, du milde, gjør skogen atter grønn,
   og la ved bekk og kilde fiolen blomstre skjønn.
   Hvor ville jeg dog gjerne at jeg igjen deg så!
   akk, kjære mai, hvor gjerne gadd jeg i marken gå!

No livnar det i lundar T:Elias Blix M:Ludvig Mathias Lindeman



Kom mai du skjønne milde

M: W. A. Mozart T: C. A. Overbeck NT: D. Jæger

